

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Personal og økonomiutvalet  
**Møtestad:** kommunehuset  
**Møtedato:** 12.08.2004 **Tid:** 15.10-16.40

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev dagsett 04.08.04.  
Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 5 medlemmer møtte 5 , inkl. 0 varamenn:

**Andre som var tilstade på møtet:**  
Ass.adm.sjef Hilde-Lill Våge

## **Merknader:**

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 18. august 2004

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Innkalling og saklista vart godkjent slik den ligg føre.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokoll vart godkjent

**UTVALET SITT KVARTER:**

Bright Olav Gåsdal stilte spørsmål om kommunen har eit formelt samarbeid mellom a-etat, trygdeetat og sosialetaten.

Ass.adm.sjef orienterte om at dette arbeidet er påbegynt og at det og frå sentralt hald er starta prosessar med å få dette til på lokalt nivå. Samnanger kommune har og gjeve signal om at kommunen er interessert i å evt. overta både a-etat og trygdeetaten sine funksjonar om dette kan verte aktuelt i framtida.

Jon Magne Bogevik stilte spørsmål om revisjon av satsane for økonomisk sosialhjelp.

Ass.adm.sjef orienterte om at forslag til nye satsar vert lagt fram for kommunestyret i haust.

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

Ordføraren orienterte om delegert vedtak – skilting ved Ådland kyrkje.

Ordførar orienterte om rettssak vedk. løn til tilsette med barnepleiarutdanning, jfr. notat saknr. 252/01. Ks dekkjer kr. 25.000 i tillegg til advokatutgifter. Etterbetalinga av løn ser ut til å kunne dekkast over avsette midlar til lønsoppgjeret. Dei resterande utgifter på kr. 98.000,- til betaling av ankegebyr + motparten sine saksomkostningar vil verte fremma som eiga tillegssløyvingsak på neste møte.

Ordføraren orienterte om stevning mot kommunen i byggjesak – Kårbu gnr 41/2

Ordføraren orienterte om møte vedk. ”framtidens kommunestruktur” ute i kulturhuset i Fjell kommune den 9 sept. B.O.Gåsdal fremma ønskje om at delegasjonen vart utvida til å gjelda heile PØ/formannskapet. Ap ville då få med to representantar.

Ordføraren orienterte om invitasjon til Bergens scenearie 2020, - Bergen i regionalt perspektiv den 26.august på nasjonale scene. Ordførar, adm.sjef, varaordførar, H.Reistad og B.O.Gåsdal deltek evt vara.

Ordføraren orienterte om at ho har søkt om stipend frå KS på inntil kr. 30.000 til vidareutdanning innan organisasjon og leiing. Dersom det vert aktuelt vil ho nytte av sin ferie til å delta på kurs ei veke i haust og ei veke til våren.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr. Tittel</b>
0015/04	00/00396 <b>REGIONRÅDET- BERGEN OG OMLAND REVISJON AV REGIONRÅDETS VISJON OG MÅL</b>
0016/04	01/00597 <b>KOMMUNAL GARANTI FOR LÅN - BIR</b>
0017/04	04/00033 <b>TILLEGGSLØYVINGAR - GÅVE I SAMBAND MED JUBILEUM SAMNANGERHEIMEN</b>
0018/04	04/00303 <b>REPERASJON VEG NYUTLØETRÆ</b>
0019/04	00/00079 <b>FRITAK FRÅ KOMMUNALE VERV.</b>

0015/04

**REGIONRÅDET- BERGEN OG OMLAND  
REVISJON AV REGIONRÅDETS VISJON OG MÅL**

**Framlegg til vedtak::**

### Samnanger kommune godkjenner endringane i mål og strategiar for regionrådet Bergen og Omland vedteke av årsmøtet 25.03.04.

**Handsaming i møte:**

Samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Samnanger kommune godkjenner endringane i mål og strategiar for regionrådet Bergen og Omland vedteke av årsmøtet 25.03.04.

0016/04

**KOMMUNAL GARANTI FOR LÅN - BIR**

**Framlegg til vedtak::****Handsaming i møte:**

Ordførar sette fram følgjande framlegg:” Kommunal garanti for lån – BIR. Samnanger kommune garanterar for eit lån på inntil kr. 880.000. Lånet skal takast opp til å finansiera bygging av gjenbrukstasjonar.”

**Vedtak:**

Kommunal garanti for lån – BIR.

Samnanger kommune garanterar for eit lån på inntil kr. 880.000.

Lånet skal takast opp til å finansiera bygging av gjenbrukstasjonar.

0017/04

**TILLEGGS LØYVINGAR - GÅVE I SAMBAND MED JUBILEUM  
SAMNANGERHEIMEN**

**Framlegg til vedtak::**

Det vert løyvd kr 12.000 til innkjøp av nytt dekketøy ved Samnangerheimen. Løyvinga vert gitt i samband med markering av 50-års jubileum for sjukeheimen. Summen vert dekket av konto for tilleggs løyving knt. 1.1200.1800.4900. og overført til knt. 1.3100.2530.2000.

**Handsaming i møte:**

Samrøystes vedteke med heimel i hasteparagrafen, jfr KL§ 13.

**Vedtak:**

Med heimel i hasteparagrafen, jfr KL § 13 vert det løyvd kr 12.000 til innkjøp av nytt dekketøy ved Samnangerheimen. Løyvinga vert gitt i samband med markering av 50-års jubileum for sjukeheimen. Summen vert dekkja av konto for tilleggsloøyving knt. 1.1200.1800.4900. og overførast til knt. 1.3100.2530.2000.

0018/04

**REPERASJON VEG NYUTLØETRÆ****Framlegg til vedtak::**

Det vert løyvd kr. 110.000 til reperatur av veg og sikring av mur på veg til Nyutløtre. Løyvinga vert dekkja av konto for tilleggsloøyving 1.1200.1800.4900, og overførast til knt. 1.1601.3330.2300.

**Handsaming i møte:**

Samrøystes vedteke med heimel i hasteparagrafen , KL § 13.

**Vedtak:**

Med heimel i hasteparagrafen, jfr KL § 13 vert det løyvd kr. 110.000 til reperatur av veg og sikring av mur på veg til Nyutløtre. Løyvinga vert dekkja av konto for tilleggsloøyving 1.1200.1800.4900, og overførast til knt. 1.1601.3330.2300.

0019/04

**FRITAK FRÅ KOMMUNALE VERV.****Framlegg til vedtak::**

Inge Aasgaard får forlenga fritaket frå vervet som medlem i kommunestyret t.o.m. 30.09.04. Ivar Berland vert sitjande som fast medlem i same tidsrommet.

**Handsaming i møte:**

Samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Inge Aasgaard får forlenga fritaket frå vervet som medlem i kommunestyret t.o.m. 30.09.04. Ivar Berland vert sitjande som fast medlem i same tidsrommet.